

Fleire innbrot i Uskedalen.

28.04.2017

Siste månaden har politiet fått melding om tre tjuveri i Uskedalen, og det er sjeldan mykje!
– Det er stole heilt forskjellige ting, dyre dekk på felg, ein takboks og ved. Tre tjuveri er ikkje mange, men når dei skjer i same bygda berre i løpet av ein månad, er det uvanleg. I går fekk vi melding frå ein person som vakna av at vedkommande hørde folk utanfor huset sitt. Vedkommande såg ingen, og kunne ikkje sjå at noko var stole, men dette gjer at vi må gå ut og oppmoda folk om å låsa inn tinga sine. Vi håpar fleire vil melda frå til oss om dei ser mistenkjeleg aktivitet. Publikum har best auge og øyre, og kan hjelpa politiet, seier Torgeir Fosse ved Kvinnherad lensmannskontor til Kvinnheringen.no

tid